

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN  
nr. 197/2012**

**av 26. oktober 2012**

**om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonsavgjerd 2010/81/EU av 9. februar 2010 om klassifisering av visse byggjeverar når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (lim for keramiske fliser)<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonsavgjerd 2010/82/EU av 9. februar 2010 om klassifisering av visse byggjeverar når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (dekorativ veggkledning på rull eller i form av plater)<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonsavgjerd 2010/83/EU av 9. februar 2010 om klassifisering av visse byggjeverar når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (lufttørkande fugemasse)<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonsavgjerd 2010/85/EU av 9. februar 2010 om klassifisering av visse byggjeverar når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (avrettarlag av sement, avrettarlag av kalsiumsulfat og golvavrettarlag av syntetisk harpiks)<sup>(4)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonsavgjerd 2010/679/EU av 8. november 2010 om endring av vedtak 95/467/EF om gjennomføring av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF om byggjeverar<sup>(5)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonsavgjerd 2010/683/EU av 9. november 2010 om endring av vedtak 97/555/EF om framgangsmåten for samsvarsattesting av byggjeverar i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til sement, byggjekalk og andre hydrauliske bindemiddel<sup>(6)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.

---

<sup>(1)</sup> TEU L 38 av 11.2.2010, s. 9.

<sup>(2)</sup> TEU L 38 av 11.2.2010, s. 11.

<sup>(3)</sup> TEU L 38 av 11.2.2010, s. 13.

<sup>(4)</sup> TEU L 38 av 11.2.2010, s. 17.

<sup>(5)</sup> TEU L 292 av 10.11.2010, s. 55.

<sup>(6)</sup> TEU L 293 av 11.11.2010, s. 60.

- 7) Kommisjonsavgjerd 2010/737/EU av 2. desember 2010 om klassifisering av visse byggjevarer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (stålplater med polyesterbelegg og plastisolbelegg)<sup>(7)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Kommisjonsavgjerd 2010/738/EU av 2. desember 2010 om klassifisering av visse byggjevarer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (fiberhaldige støypte gipselement)<sup>(8)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 9) Kommisjonsavgjerd 2011/14/EU av 13. januar 2011 om endring av vedtak 97/556/EF om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til samansette system/modular for utvendig varmeisolasjon med puss (ETICS)<sup>(9)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 10) Kommisjonsavgjerd 2011/19/EU av 14. januar 2011 om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til tettingsmassar til bruk i ikkje-berande konstruksjonar i bygningar og gangveggar<sup>(10)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 11) Kommisjonsavgjerd 2011/232/EU av 11. april 2011 om endring av vedtak 2000/367/EF om fastsetjing av eit system for klassifisering av brannmotstanden til byggjevarer, byggverk og delar av byggverk<sup>(11)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 12) Kommisjonsavgjerd 2011/246/EU av 18. april 2011 om endring av vedtak 1999/93/EF om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til dører, vindauge, lemmar, persienner, portar og tilhøyrande beslag<sup>(12)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 13) Kommisjonsavgjerd 2011/284/EU av 12. mai 2011 om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til straumkablar, styrekablar og kommunikasjonskablar<sup>(13)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 14) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2012/201/EU av 26. mars 2012 om endring av vedtak 98/213/EF om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til modular for innvendige skiljevoggar<sup>(14)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 15) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2012/202/EU av 29. mars 2012 om endring av vedtak 1999/94/EF om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn

---

<sup>(7)</sup> TEU L 317 av 3.12.2010, s. 39.

<sup>(8)</sup> TEU L 317 av 3.12.2010, s. 42.

<sup>(9)</sup> TEU L 10 av 14.1.2011, s. 5.

<sup>(10)</sup> TEU L 11 av 15.1.2011, s. 49.

<sup>(11)</sup> TEU L 97 av 12.4.2011, s. 49.

<sup>(12)</sup> TEU L 103 av 19.4.2011, s. 114.

<sup>(13)</sup> TEU L 131 av 18.5.2011, s. 22.

<sup>(14)</sup> TEU L 20 av 21.4.2011, s. 20.

til prefabrikkerte varer av vanleg betong, lettbetong eller trykkherda lettbetong<sup>(15)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.

16) Vedlegg II til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

### *Artikkel 1*

I vedlegg II til EØS-avtala kapittel XXI vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 1 (rådsdirektiv 89/106/EØF) tiande strekpunkt (kommisjonsvedtak 95/467/EF) vert følgjande lagt til:  
”, endret ved:
  - **32010 D 0679:** Kommisjonsavgjerd 2010/679/EU av 8. november 2010 (EUT L 292 av 10.11.2010, s. 55).”
2. I nr. 1 (rådsdirektiv 89/106/EØF) attande strekpunkt (kommisjonsvedtak 97/555/EF) vert følgjande lagt til:  
”, endret ved:
  - **32010 D 0683:** Kommisjonsavgjerd 2010/683/EU av 9. november 2010 (EUT L 293 av 11.11.2010, s. 60).”
3. I nr. 1 (rådsdirektiv 89/106/EØF) nittande strekpunkt (kommisjonsvedtak 97/556/EF) vert følgjande lagt til:  
”, endret ved:
  - **32011 D 0014:** Kommisjonsavgjerd 2011/14/EU av 13. januar 2011 (EUT L 10 av 14.1.2011, s. 5).”
4. I nr. 1 (rådsdirektiv 89/106/EØF) tjuedefemte strekpunkt (kommisjonsvedtak 98/213/EF) vert følgjande lagt til:  
”, endret ved:
  - **32012 D 0201:** Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2012/201/EU av 26. mars 2012 (EUT L 109 av 21.4.2012, s. 20).”
5. I nr. 1 (rådsdirektiv 89/106/EØF) førtiande strekpunkt (kommisjonsvedtak 1999/93/EF) vert følgjande lagt til:  
”, endret ved:
  - **32012 D 0246:** Kommisjonsavgjerd 2011/246/EU av 18. april 2011 (EUT L 103 av 19.4.2011, s. 114).”

---

<sup>(15)</sup> TEU L 109 av 21.4.2012, s. 22.

6. I nr. 1 (rådsdirektiv 89/106/EØF) førtiførste strekpunkt (kommisjonsvedtak 1999/94/EF) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32012 D 0202:** Kommisjonsavgjerd 2012/202/EU av 29. mars 2012 (EUT L 109 av 21.4.2012, s. 22).”

7. I nr. 1 (rådsdirektiv 89/106/EØF) førtiniande strekpunkt (kommisjonsvedtak 2000/367/EF) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

– **32011 D 0232:** Kommisjonsavgjerd 2011/232/EU av 11. april 2011 (EUT L 97 av 12.4.2011, s. 49).”

8. Etter nr. 2g (kommisjonsvedtak 2006/600/EF) skal nye nr. 2h–o lyde:

”2h. **32010 D 0081:** Kommisjonsavgjerd 2010/81/EU av 9. februar 2010 om klassifisering av visse byggjeverer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (lim for keramiske fliser) (EUT L 38 av 11.2.2010, s. 9).

2i. **32010 D 0082:** Kommisjonsavgjerd 2010/82/EU av 9. februar 2010 om klassifisering av visse byggjeverer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (dekorativ veggkledning på rull eller i form av plater) (EUT L 38 av 11.2.2010, s. 11).

2j. **32010 D 0083:** Kommisjonsavgjerd 2010/83/EU av 9. februar 2010 om klassifisering av visse byggjeverer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (lufttørkande fugemasse) (EUT L 38 av 11.2.2010, s. 13).

2k. **32010 D 0085:** Kommisjonsavgjerd 2010/85/EU av 9. februar 2010 om klassifisering av visse byggjeverer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (avrettarlag av sement, avrettarlag av kalsiumsulfat og golvavrettarlag av syntetisk harpiks) (EUT L 38 av 11.2.2010, s. 17).

2l. **32010 D 0737:** Kommisjonsavgjerd 2010/737/EU av 2. desember 2010 om klassifisering av visse byggjeverer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (stålplater med polyesterbelegg og plastisolbelegg) (EUT L 317 av 3.12.2010, s. 39).

2m. **32010 D 0738:** Kommisjonsavgjerd 2010/738/EU av 2. desember 2010 om klassifisering av visse byggjeverer når det gjeld ytinga deira ved brannpåverknad (fiberhaldige støypte gipselement) (EUT L 317 av 3.12.2010, s. 42).

2n. **32011 D 0019:** Kommisjonsavgjerd 2011/19/EU av 14. januar 2011 om framgangsmåten for samsvarsattesting av byggjeverer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til tettingsmassar til bruk i ikkje-berande konstruksjonar i bygningar og gangvegar (EUT L 11 av 15.1.2011, s. 49).

- 2o. **32011 D 0284**: Kommisjonsavgjerd 2011/284/EU av 12. mai 2011 om framgangsmåten for samsvarsattestering av byggjevarer i medhald av artikkel 20 nr. 2 i rådsdirektiv 89/106/EØF, med omsyn til straumkablar, styrekablar og kommunikasjonskablar (EUT L 131 av 18.5.2011, s. 22).”

#### *Artikkel 2*

Teksta til avgjerd 2010/81/EU, 2010/82/EU, 2010/83/EU, 2010/85/EU, 2010/679/EU, 2010/683/EU, 2010/737/EU, 2010/738/EU, 2011/14/EU, 2011/19/EU, 2011/232/EU, 2011/246/EU, 2011/284/EU, 2012/201/EU og 2012/202/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. november 2012, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala<sup>(\*)</sup>.

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel, 26. oktober 2012.

For EØS-komiteen

***Atle Leikvoll***

Formann

---

<sup>(\*)</sup> Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.